



Temperaturen stig framfor oppgjeret laurdag på stiletthælar og no har Aktivitetshusets Damevenner utfordra SPAR-damene.

Damevennene skriv slik til oss:

'Joggesko' er eit skjellsord og Aktivitetshusets Damevenner suverene på stiletthælar både med og utan fart.

Så suverene anser vi oss at at det å skulle stilla opp i open klasse i eit stillethælløp ville fått alle andre deltakera til å bresta ut i gråt, vakla (!) og finna på uante skader for å sleppa å stilla til start.

Vi utfordrar difor SPAR-damene - og gutane for del del - til stillethælløpstafett i samband med arrangementet deira 8. oktober.

Forbered dykk goidt - vi for vår del reknar med at dette blir 'barnestiletthælløp' !

Så langt utfordringa. Melder det seg fleire utfordrarar?